

Felles digitaliseringstrategi 2020 - 2025

For kommunane Årdal og Lærdal

Vedteken i kommunestyret 26.03.20 – Ksak 13/20

Innhold:

1.	Kvifor <u>felles</u> digitaliseringstrategi?	2
2.	Overordna rammer	5
3.	Strategisk analyse	8
4.	Felles digitaliseringstrategi for Årdal og Lærdal kommune	14

1. **Kvifor felles digitaliseringstrategi?**

Kvifor digitalisering?

KS sin digitaliseringstrategi har følgjande visjon:

- *Gode og tilgjengelege digitale tenester styrker dialogen med innbyggjarane og næringslivet og gir gode lokalsamfunn.*

Digitalisering er sektorovergripande. Teknologien er eit verkemiddel; til å fornye, forenkle og forbetre dei kommunale tenestene.

Det handlar om å tilby tenester på ein ny måte. Innbyggjarane og næringslivet etterspør ein moderne kommune, som gjer kvardagen deira enklare. Løysingane må difor vera lett tilgjengelege, raske og pålitelege.

Kvifor strategi?

Den skal definere *mål* og *retning* på utviklinga. Syne korleis bruk av teknologi kan stø opp under tenesteutviklinga og syte for effektiv oppgåveløysing, til beste for brukarane.

Strategien bør vere ein naturleg del av kommunane sine verksemdsplanar og knytt til samfunnsdelen i kommuneplanen.

Oppfølginga; *tiltak* og *ressursar* til å gjennomføre, kjem i dei årlege handlingsplanane og budsjett.

Kvifor samarbeid om felles strategi?

I 2018 hadde om lag 2/3 av norske kommunar ein IKT/digitaliseringstrategi.

I små kommunar er digitalisering krevjande. Det handlar m.a. om manglande kompetanse, få ressursar, men og om tryggleik og personvern.

Samarbeid mellom fleire kommunar kan sikre:

- *Komplementær og meir spissa kompetanse*
- *Løysingar som normalt krev større kritisk masse, dvs. stordriftsføremøner*
- *Betre tryggleik og personvern*
- *Opning for å realisere vinstar felles og i kvar av kommunane*

Så langt har ÅLA-samarbeidet innanfor IKT truleg sikra kommunane Årdal og Lærdal system, kompetanse og løysingar som det hadde vore mykje meir krevjande å etablere kvar for seg.

Vinsten er likevel ikkje dokumentert.

Om arbeidet

Prosjektet er gjennomført i samsvar med mandatet og innafor budsjett. Det er gjort nærare greie for arbeidet med strategien i prosjektmandatet som ligg som vedlegg.

Dette dokumentet

Kap. 1 - inneheld grunngjevinga for digitalisering og samarbeid mellom kommunane.

Kap. 2 - handlar om dei overordna rammene.

Kap. 3 - er den strategiske analysen med sterke og veike sider, opningar (mogelegheiter) og truslar (SVOT), utfordringar, val av prioriterte samarbeidsområde og fagsystem.

Kap. 4 - er «Felles digitaliseringstrategi for Årdal og Lærdal». Dette kapitlet er meint som vedtakspunkt for styringsgruppa og dei to kommunestyra.


2. Overordna rammer

Samarbeidet er i dag organisert som vertskommunesamarbeid etter § 27 i gjeldande kommunelov. Årdal er vertskommune. Det er heimla i likelydande kommunestyrevedtak med delegasjon og delavtalar frå 2016 om:

- *Drift av fagsystem*
- *Drift av IKT-plattform*

Løysingar på fleire nivå

For Årdal og Lærdal er det aktuelt med løysingar på tre nivå:



Figur 1 Løysingar på ulike nivå

- 1. Innafor kvar kommune:
 - a. Forbetre eksisterande løysingar
 - b. Ta eigarskap til og jobbe systematisk med vinstrealisering
 - c. Utvikle og drifte egne løysingar, som t.d. grøn IKT og fagsystem med teieplikt
- 2. I samarbeid mellom dei to kommunane:
 - a. Digitale tenester for innbyggjarar og næringsliv
 - b. Strategisk programvare og fagsystem (der teieplikt og personvern ikkje set for strenge grenser)
 - c. Felles infrastruktur og drift
 - d. Kompetanse og brukarstøtte
 - e. Tilhørande tenester som t.d. tryggleik og digitale kjøp
- 3. Gjennom samarbeidsløysingar regionalt og/eller nasjonalt:
 - a. Velferdsteknologi
 - b. Geo- og plandata

Strategien handlar i all hovudsak om pkt. 2 «Samarbeidet mellom dei to kommunane», men det er òg del av strategien å syne kva som bør løysast:

- *i kvar av kommunane*
- *i eit større samarbeid regionalt/nasjonalt*

Organisering

I 2018 vart det teikna overordna intensjonsavtale om utvida interkommunalt samarbeid mellom Årdal kommune og Lærdal kommune. Her ligg m.a. semje om å vidareføre og vidareutvikle samarbeid innanfor IKT.

Den nye kommunelova¹ tredde i kraft når dei nye kommunestyra og fylkestinga vart konstituert hausten 2019.

§ 27 vert avløyst av kapittel 20 Vertskommune. Der står det:

«En kommune kan overlate utførelsen av lovpålagte oppgaver og delegere myndighet til å treffe enkeltvedtak eller vedta forskrift til en vertskommune etter reglene i dette kapitlet, så langt annen lovgivning ikke er til hinder for det.»

I den nye lova er det mogeleg med to ulike former for vertskommunesamarbeid:

- *§ 20-2 Administrativt kommunesamarbeid*
- *§ 20-3 Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd*

Det er krav om samarbeidsavtale (§ 20-4) og reglar for klage, tilsyn og lovlegkontroll.

Det er naudsynt å oppdatere avtaleverket i samsvar med den nye lova. Som vertskommune bør Årdal kommune v/rådmannen ta ansvaret for denne oppdateringa².

Økonomi

Kommunane har satsa ulikt på digitalisering. Det gjeld og økonomisk.

Ikt-budsjetta i dei to kommunane er delvis samla i vertskommunen og delvis fordelt på kvar av kommunane (og der igjen på dei ulike sektorane i kvar kommune). Det har ikkje vore mogeleg å få fram eit samla oversyn over løyvingar til IKT.

Dessutan endrar løyvingane seg monaleg frå år til år, t.d. på grunn av større prosjekt som elev-PC/nettbrett.

¹ <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2018-06-22-83>

² Ny KommuneLov § 31-2 har overgangsordning på 4 år

Årlege handlingsplanar

Det ligg ikkje føre årlege handlingsplanar. Strategien er no lagt opp slik at gjennomføringa av «raske vinstar» kan skje etter vedtak om prioriterte tiltak i handlingsplanar og gjennom tilhøyrande løyvingar i årsbudsjetta.

Sektorplanar

Det ligg føre, eller er under arbeid, sektorplanar om digitalisering på nokre sektorar.

Det er naturleg at denne felles strategiplanen vert overordna desse sektorplanane.

3. Strategisk analyse

Det er gjennomført ei strategisk analyse (SVOT) av samarbeidet. Om lag 20 nøkkeltilsette frå kommunane har delteke i kartlegging, dialog-samlingar og gjennom spørjeundersøkingar.

Prosessen har følgjande element:

- *Kartlegge no-situasjonen*
- *Sterke og veike sider*
- *Opningar og truslar*
- *Utfordringar*
- *Prioriterte samarbeidsområde*
- *Spesifikke fagløysinga*

Overordna bilete

Kartlegginga av no-situasjonen syner at det er eit omfattande samarbeid i dag. Det er evne og vilje til utvide samarbeidet på ei rad område. Framleis er det truleg store vinster å hente.

På kort sikt er dei sokalla «kjappe vinster» viktige. I stor grad handlar det om å forbetre og utnytte dei fellesløysingane som alt er på plass. Dette bør få klår prioritet i handlingsplanane for dei fyrste åra i planperioden 2020 - 2025.


På den veike sida vert det peikt på at samarbeidet mellom berre to/tre kommunar er for smått og at kommunane kvar for seg er for små. Det opnar for å vurdere utvida samarbeid der det alt er regionale eller nasjonale løysingar som t.d. på velferdsteknologi, geodata og planlegging.

Det vert heller ikkje sett av tilstrekkeleg med tid og ressursar til å drive og utvikle sjølve samarbeidet. Dessutan er dei økonomiske rammene i kommunane særskilt ulike på dette området.

Sterke og veike sider

Sterke sider

Det eksisterande samarbeidet er sterkt. Det er mogeleg å få vinst av meir samarbeid og fleire felles løysingar. Arbeidet har god forankring i den administrative leiinga i kommunane.




Figur 2 Sterke sider ved samarbeidet

Det vert i tillegg peikt på at:

- *Kollegane i kommunane er positive til meir samarbeid*
- *Politikarane er positive til samarbeidet*

Veike sider

Kommunane har ulike løysingar i dag, på område der det er opning for å nytte same løysing. Det går og fram at det ikkje alltid er kultur eller vilje til meir samarbeid.



Figur 3 Veike sider ved samarbeidet


Det vert i tillegg peikt på at:

- *Samarbeidet er for lite*
- *Kommunane er for små til å greie dette åleine*
- *Budsjetta er ikkje samordna*
- *Det er for få ressursar*

Opningar og truslar

Opningar


Det er brei semje om å etablere «beste praksis», dele kompetanse og lære av kvarandre. Her ligg potensiale for fleire fellesløysingar og vinst av å utvide samarbeidet.



Figur 4 Opningar (mogelegheiter)

Truslar

Like viktig som å kjenne dei sterke og veike sidene er identifiseringa av truslane for vidare samarbeid. Her er dei viktigaste:



Figur 5 Truslar

Det vert i tillegg peikt på:

- *Personvern*
- *Kommunestorleik og ulikskap*
- *Manglande forankring; politisk og administrativt*
- *Manglande interne ressursar*


Oppsummert

	<u>Positivt</u> For å nå måla	<u>Negativt</u> Verkar mot måla
<u>Internt</u>	<u>Styrke</u> Vinst av meir samarbeid Har mange felles løysingar i dag	<u>Veikskap</u> Har ulike løysingar i dag Ikkje kultur eller vilje til meir samarbeid
<u>Eksternt</u>	<u>Opningar</u> Dele kompetanse Beste praksis Stor vinst	<u>Truslar</u> Kommunane er for ulike Vanskeleg å få til fleire felles løysingar

Figur 6 Strategisk matrise

Utfordringar

Budsjett og tid er dominerande utfordringar. I tillegg er det krevjande å realisere vinst. Klårare ansvars plassering og støtte frå politisk leiing er viktig.




Figur 7 Utfordringar

Prioriterte samarbeidsområde

Digital dialog og kompetanse er prioritert. Her er det mykje å bygge på i det eksisterande samarbeidet. Det gjeld og innafor læringsteknologi og digital arbeidsflyt.

Velferdsteknologi er nytt. Her er samarbeidet i stor grad regionalt og mykje knytt opp mot 110-Alarmsentralen i Sogn og Fjordane i Florø.



Figur 8 Prioriterte samarbeidsområde

Det vert i tillegg peikt på:

- *Fellesløysingar innan plan, teknisk og geodata*
- *Personvern og datatryggleik*
- *Bruk av skytenester*

Område som er godt eigna for fellesløysingar

Byggje på det vi har

Hovudutfordringa er utnytting av allereie tilgjengelege system. Her er det store variasjonar i kommunane og her ligg store unyttta vinstar.

Plattform

Årdal og Lærdal har alt felles IKT-plattform som kan nyttast til dei fagsystema som ein ynskjer å samarbeide på. Plattformen kan tilpassast etter behov.

Ved val av fagsystem må vi vere merksam på krava til personvern og datatryggleik. Det set ofte grenser for felles løysingar.

Digital dialog mot innbyggjarar og næringsliv

Fokus må vere på digital arbeidsflyt i heile "brukarreisa". Døme her er eSignering, Vipps i fakturering, digitale skjema, kommune "Siri³" m.m.

Helse- og sosial

Velferdsteknologi. Her er løysingane regionale og knytt opp til 110 Alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

Fagsystem⁴ som pasientjournalssystem, har mykje sensitive data og personvernreglar som gjer det utfordrande å samarbeide på tvers av kommunane.

Kartlegginga har likevel synt at programvara ofte er lik i kommunane. Det opnar for felles lisenskjøp, vedlikehald og kompetansebygging.

Verktøy for oppsett, planlegging og vedlikehald av turnus, innkalling av ekstravakter og vikar, vaktadministrasjon og produksjon ser ut til å vere betre eigna for fellesløysingar.

Plan, teknisk og geodata

Her er SD-anlegg⁵, FDV-system, tilkomstkontroll og digitalisert byggesakssystem gode døme på moglege fellesløysingar.

Opplæring

Både læringsplattforma og pedagogisk programvare er godt eigna. På andre områder kan det vera nyttig å dela erfaringar og kunnskap.

³ Talestyrt dialog

⁴ Winmed, Gericca, Sampro, Sosio, Familia,m.m.

⁵ Samla elektronisk system til styring og overvaking av eit automatisk anlegg, t.d. vassverk eller kloakkanlegg

4. Felles digitaliseringstrategi for Årdal og Lærdal

Visjon:

Gjennom samarbeid
om felles digitale tenester
vil vi
styrke dialogen med innbyggjarane og næringsliv,
stø opp under tenesteutviklinga og
syte for meir effektiv oppgåveløysing
i kommunane.

Mål

- *Kommunen skal levera digitale tenester som gjev innbyggjarane, tilsette, turistar og næringsliv «eit reelt digitalt fyrsteval» og gode, tilgjengelege digitale tenester som styrkar dialogen og legg til rette for gode lokalsamfunn*
- *Digitalisering inneber omstillingar av arbeidsprosessar, organisasjon og styringsmodell*
- *Digitalisering skal medverka til innovasjon i kommunale tenester.*

Satsingsområde

Vi har seks satsingsområde i prioritert rekkefølge:

1. *Meir omfattande, enklare og påliteleg digital dialog med innbyggjarar og næringsliv*
2. *Styrke ikt-kompetansen på alle nivå*
3. *Ta i bruk meir velferdsteknologi*
4. *Vidareutvikle system og rutinar for arbeidsflyt, arkiv og dokumenthandtering*
5. *Betre utnytting av etablerte fellesløysingar (strategisk programvare og felles fagsystem) og etablere fleire felles fagsystem på område med ikkje-sensitive data innanfor m.a. omsorg, opplæring, plan og tekniske tenester*

Digital dialog

NO-SITUASJONEN:

Digital dialog er lite utvikla.

Dei to kommunane har same leverandør av t.d. nettsider, men det grafiske bilete og arkitekturen er særst ulikt.

MÅL:

Enkel, rask og påliteleg digitale dialog med innbyggjarar og næringsliv.

Offentlege tenester på nett må vere samanhengande og heilskaplege, uavhengig av om det er stat, fylke eller kommunen som tilbyr tenesta.

STRATEGI:

Lage program og budsjett for utvikling av digital dialog, med prioritering av løysingar som t.d.:

- *Digital postkasse*
- *Id-porten*
- *eSignering*
- *Altinn for kommunal sektor*
- *SvarUT*
- *Nytt folkeregister*
- *eInnsyn (Offentleg elektronisk postjournal)*
- *Digihjelpen (kommunalt rettleiingstilbod innan digital kompetanse)*
- *Breiband*
- *Robotisering*
- *Chat*
- *Ein brukar – alle nivå (saumlaust)*
- *eByggsak*
- *Mm.*

«KJAPPE VINSTER»

- *Løysingar som alt er i bruk i ein av kommunane må på plass i begge.*
- *Oppgradera og samordne heimesidene. Felles grafisk design.*
- *Peike ut heimesideansvarlege i alle etatar.*

IKT-kompetanse

NO-SITUASJONEN:

Sentrale ikt-tilsette har god erfaring/kompetanse og etablert samarbeid. Elles er ikt-kompetansen og samarbeidet varierende og desentralisert til einingsnivå.

MÅL:

Styrke ikt-kompetansen på alle nivå.

STRATEGI:

Vidareutvikle samarbeidet:

- *Mellom dei sentrale ikt-tilsette*
- *Om læringsteknologi i undervisninga. Konkretisere i samvar med nye læreplanar.*
- *Digitaliseringstrategi for skulane - «IKT-plan»*

Etablere system med:

- *Superbrukarar*
- *Intern opplæring i strategisk programvare og fagsystem.*

«KJAPPE VINSTER»

- *Identifisere «beste praksis» og gjennomføre den i begge kommunane.*

Velferdsteknologi

NO-SITUASJONEN:

Kommunane utviklar og tek i bruk velferdsteknologi m.a. i prosjektet «Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane – Alle er med⁶». Dei er knytt til Alarmsentralen i Sogn og Fjordane, som – i samarbeid med KS – greier ut responscenter for velferdsteknologi.

MÅL:

Ta i bruk fleire løysingar innan velferdsteknologi m.a. gjennom fylkessamarbeidet.

STRATEGI:

Delta i fylkessamarbeidet.

Vurdere meir lokal løysing for responscenter t.d. gjennom Lokalmedisinsk senter eller legevakt.

Arbeidsflyt, arkiv og dokumenthandtering

NO-SITUASJONEN:

Fagsystem med innebygd arbeidsflyt og dokumenthandtering som sak/arkiv o.l. vert berre delvis utnytta.

Samarbeid om felles personvernombod er etablert.

MÅL:

Ta i bruk innovative løysingar som styrker tenesteutviklinga og arbeidsflyten.

STRATEGI:

Reindyrke dokumenthandtering og arbeidsflyten t.d. i sakshandsaming, tildeling av tenester, byggesak, skjemabruk mm.

«KJAPPE VINSTER»

Gå gjennom etablerte fellesløysingane og ta i bruk fleire tilgjengelege komponentar m.a. innan:

- *Deling av data*
- *Bruk av skytenester*
- *Digitale innkjøp*
- *Grøn IKT (videomøte, gjenbruk, energieffektivitet mm)*

Etablerte fellesløysingar

Organisering

NO-SITUASJONEN:

§ 27 samarbeid, med Årdal som vertskommune.

⁶ <https://www.forde.kommune.no/velferdsteknologi/>

MÅL:

Årdal kommune held førebels fram som vertskommune, og avtaleverket vert oppdatert i samsvar med § 20 -2 Administrativt kommunesamarbeid i ny kommunelov.

STRATEGI:

Oppdatere avtaleverk etter § 20-2 Administrativ oppgåveløysing i den nye kommunelova. Rådmannen i Årdal får delegert oppgåvene og mynde.

Styringsgruppa i samarbeidet mellom Årdal og Lærdal vurderer framtidig driftsform på IKT-plattformar.

«KJAPPE VINSTER»

Ny samarbeidsavtale⁷ med:

- *Deltakarene*
- *Vertskommune*
- *Oppgåver og mynde som ligg til vertskommunen*
- *Når oppgåvene vert overført*
- *Kva vedtak i vertskommunens deltakarene skal få orientering om*
- *Korleis det økonomiske oppgjeret mellom samarbeidskommunane og vertskommunen skal skje*
- *Korleis deltakarene kan tre ut av samarbeidet*
- *Korleis samarbeidet vert løyst opp*
- *mm.*

Økonomi

NO-SITUASJONEN:

Ikt-budsjetta i dei to kommunane er delvis samla i vertskommunen og delvis fordelt på kvar av kommunane (og igjen på dei ulike sektorane i kvar kommune).

Det er ikkje sett av felles ressursar til å vidareutvikle samarbeidet. Gjennomføring av strategien krev difor at det vert organisert felles tid til samarbeid og sett av «friske» pengar.

MÅL:

Eitt felles budsjett i vertskommunen som finansierer investeringar og drift av alle fellesløysingane.

Frigjort tid til samarbeid.

STRATEGI:

Frigjere tid, sikre økonomi og etablere arenaer for samarbeid og gjennomføring.

⁷ § 20-4 i den nye lova

Lage prosess og rutinar rundt medverknad, finansiering og fordeling av utgiftene til investeringar og drift av alle fellesløysingane.

Løysingar spesifikke for ein kommune og deltaking i regionale og nasjonale løysingar vert budsjettert i kvar av kommunane.

«KJAPPE VINSTER»

- *Gå gjennom budsjetta, kartlegge pengestraumen og opprette eit samla «skyggebudsjett» for fellessatsingane i budsjettprosessen hausten 2020*
- *«Skyggebudsjettet» vert overført vertskommunen i budsjettåret 2021.*

Strategisk programvare og felles fagsystem

NO-SITUASJONEN:

På fleire område er det etablert felles fagsystem og lik strategisk programvare, men kommunane nyttar ulike versjonar og har i ulik grad tatt i bruk alle komponentar i systema.

MÅL:

Full utnytting av allereie etablerte felles fagsystem og strategisk programvare. Ta i bruk fleire felles fagsystem på eksisterande plattform.

STRATEGI:

Løfte kommunane til same nivå og lik bruk av felles fagsystem og strategisk programvare.

Etablere fleire felles fagsystem på område med ikkje-sensitive data innanfor m.a. omsorg, opplæring, plan og tekniske tenester.

«KJAPPE VINSTER»

- *Kartlegge versjonsnivå og oppdatere til høgste nivå.*